

---

**Saksnr:** 2020/46066-4  
**Saksbehandlar** Tone Stedal Haugland  
**Dato:** 09.03.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

### Kopi av søknad frå Moster 2024 til Kulturdepartementet

Vestland fylkeskommune har motteke kopi av søknad som 1000-årsjubileet Moster 2024 AS har sendt til Kulturdepartementet.

Selskapet søker Kulturdepartementet om eit tilskot på 8 millionar kroner over den 3-årige prosjektperioden 2022-2024.

Eigarane av Moster 2024 AS, Bømlo kommune og Vestland fylkeskommune, har kvar løyvd 5 mill. til gjennomføring av 1000-årsjubileet. 2 mill. er allereie løyvd i statlege tilskot.

Totalt er 12 av 20 mill. i offentlege tilskot løyvd per mars 2021. I arbeidsbudsjettet er det lagt opp til at ein gjennom samarbeidsprosjekt med eksterne aktørar kan finansiera ytterlegare 5 mill. frå andre kjelder.